

---

**Fra:** Einar Færø  
**Sendt:** mandag 4. september 2017 15.19  
**Til:** Johan.Myking@uib.no  
**Kopi:** Ingrid Didriksen; Postmottak Radøy  
**Emne:** Ny vassleidning gjennom Mykingvatnet

Hei!

Me viser til dykkar mail.

Til opplysning så har alle grunneigarane på begge sider av vatnet fått likelydande brev. Brev til alle partar vart sendt ut etter at Helge Dragøy gjorde oss merksame på at vatnet var felles.

Vassleidningen skal vera communal, noko anna er ikkje sagt. Det er ikkje planar no for at leidningen skal førast vidare og verta del av ein ringleidning, men det er fullt mogleg på sikt å få det til. Signert heimelshavarfråsegn gjev kommunen rett til å leggja, og driva vedlikehald av vassleidningen over dykkar eigde del av vatnet.

Teknisk etat vil på vanleg måte også innhenta byggjeløyve og retta seg etter dei vilkår som avdeling for byggjesak eventuelt måtte gje. Ansvarleg søker vil i samband med søknaden senda ut nabovarsel om tiltaket på vanleg måte når søknaden er klar. De vil då få høve til å stilla krav eller koma med merknader.

Det vil koma meir informasjon om tiltaket i nabovarslet når det vert sendt ut.

Om de har fleire spørsmål til saka no kan de ta kontakt med underteikna.

Mvh  
Einar Færø  
Einingsleiar Drift  
Mob.99098153